

Møteprotokoll

Formannskapet

Møtedato: 04.09.2025

Møtetid:

10:00 - 15:00

Møtestad: Ordfører sitt kontor -
kommunehuset

Saksnr.:

057/25 – 063/25

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Eivind Sverre Lidal	SP
Marta Sofie Vange	H
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Ordfører Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
057/25	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
058/25	Referatsaker
059/25	Delegasjonsaker
060/25	Orienteringssaker til formannskapet 04.09.25
061/25	Klage på handsaming av næringstilskot - første søknadsomgang
062/25	Innbyggjarundersøking om cruiseturisme i Vik
063/25	Open post i formannskapet



057/25: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

04.09.2025 Formannskapet**FS - 057/25 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Aud Marit Berge Feidje (AP) og Eivind Lidal (SP)

Samrøystes.

058/25: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

04.09.2025 Formannskapet

RS 008/25 halvårsrapport næringsutvikling Vik kommune 2025:

Kommunedirektøren orienterte at Sogn Næring kjem til kommunestyret 18.09.25 og presenterer halvårsrapport.

RS 009/25 presentasjon status Sogn KO:

Kommunedirektøren orienterte om at det blir jobba godt i gruppa med informasjon til tillitsvalgte og politikarar. Det er opne møter og pressa kan vera til stade.

Kommunedirektøren kjem me ein gjennomgang av statusrapport i kommunestyret.

FS - 058/25 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

059/25: Delegasjonsaker

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

04.09.2025 Formannskapet

FS - 059/25 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

060/25: Orienteringssaker til formannskapet 04.09.25**Kommunedirektøren si tilråding**

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

04.09.2025 Formannskapet**1. Redningsskøyta RS UNI Sognefjord inviterer formannskapet ombord til omvisning og orientering om si drift.****2. Statusoppdatering kommuneplanen sin samfunnsdel v/ Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert:**

- a. Endring av framdriftsplan (flytting av høringsperioden)
 - Handsaming av høringsutkast i formannskapet 23.10.25
 - Kommunestyret legg samfunnsdelen 2025-2036 ut på høyring 06.11.25
 - Høringsperiode vert november til desember 2025
 - Handsaming av ny samfunnsdel i formannskapet i februar 2026
 - Handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036 i februar/mars 2026.
- b. Det vart orientert om status for arbeidet med høringsutkastet
- c. Presentasjon av fyrste funn frå tiltaksanalysen for reduksjon av klimagassutslepp i kommunen som grunnlag for klimatiltak i samfunnsdelen.

Presentasjonen frå areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert er lagt ved denne saka.

3. Orienteringar frå ordførar:

- a. Samferdsle og mobilitet prioriteringar frå Vik. Framlegg til uttale ligg som vedlegg til orienteringssaka.

Ordførar inviterte til innspel på vedlagt uttale. Innspela vert lagt inn i oppdatert dokument og lagt ved som referatsak til kommunestyret 18.09.25.



Uttale frå formannskapet vert sendt over til administrasjonen i Sogn IPR for å verta lagt fram i lag med dei andre kommunane i Sogn sine uttaler på Sognatinget seinare i haust.

b. Arendalsveka med Sogn IPR orientering:

- Ordførar har delteke ilag med dei andre ordførarane i Sogn og administrasjonen på Arendalsveka. Formannskapet fekk orientering om møte med olje- og energiministaren der det mellom anna lagt fram at Sogn må få ta del i verdiskapinga gjennom kraftoverskotet i Sogn. Ordføraren trakk fram mellom anna døme med trafo i Refsdal som kan nyttast til å få opp aktivitet i næringsarealet på Vangsnes.
- Vidare var det møte med justis- og beredskapsministaren i høve dei utfordringar vi har i Sogn som gjeld vaktberedskap i ein region med store avstandar og rasutsette vegar.
- Møte med samferdselsministaren handla om at kommunane i Sogn har fått ein relativt liten del av samferdselsmidlene over NTP i forhold til resten av landet.

c. Ymse

Ingen saker.

4. Vidare politisk prosess om bruken av Kristianhus. v/kommunedirektøren:

Kommunalsjef Ole Petter Ramberg og kommunalsjef Espen Holen deltok i møtet.

a. Siste politiske vedtak 24.05.2019 KS 026/19: Mobiliseringsprosjektet for vidareutvikling av Sjøfronten blir gjennomført i 2019 og 2020 med ei kostnadsramme på kr 200 000 i 2019 og kr 100 000 i 2020. Kristian Otterskred si motorsamling skal vera eit naturleg element i prosjektet Sjøfronten.

b. KS 12.06.25 - politisk sak om husleige og bruken av huset:

Pkt 4.5 Husleige Kristianhus i driftstilpassingsprosjektet: Husleigeavtalen skal reforhandlast i 2025. Gjeldande avtale kan seiast opp i den samanheng, om man ynskjer ein annan utnytting av bygget. Potensiale inntening: 250.000, 500.000, 500.000.

Presentasjon frå kommunedirektøren er lagt ved saka.

c. Kommunedirektøren ba om innspel og drøfta kva prosess, involvering og mandat administrasjonen skal ha før det kjem til formannskap og kommunestyret seinare i haust. Det vart konkludert med at administrasjonen får fridom til å arbeida vidare med utvikling av planane i Kristianhus med bakgrunn frå presentasjonen frå kommunedirektøren og



moglegheitsstudie for Kristianhus 2017. Det vert lagt opp til løypemeldingar i høve vidare planar og prosess i saka.

5. Orienteringar frå kommunedirektøren

- a. Assisterande kommunedirektør Geir Svendsen orienterte om økonomisk førebels status pr 01.09.25
- b. Kommunedirektøren orienterte om VHO- status
- c. Informasjon om status førehandsrøyster og valstyre sine oppgåver i samband med valdagen ved valansvarleg Tordis Kristin Tobiassen.

Presentasjonar frå kommunedirektøren og assisterande kommunedirektør er lagt ved saka.

6. Medarbeidarsamtale med kommunedirektøren:

Medarbeidarsamtale vart gjennomført med kommunedirektøren. Møtet var lukka jf § 11- 5 a “Et folkevalgt organ kan vedta å lukke møte om hensynet til personvern krever at møtet lukkes”.

FS - 060/25 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.

061/25: Klage på handsaming av næringstilskot - første søknadsomgang

Kommunedirektøren si tilråding

Klaga frå Norsk Bringebærfestival vert ikkje teken til fylgje.

Saka vert sendt vidare til Vik kommunestyre for endeleg avgjerd.

04.09.2025 Formannskapet

Kommunalsjef Espen Holen deltok under møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)



FS - 061/25 Vedtak:

Klaga frå Norsk Bringebærfestival vert ikkje teken til fylgje.

Saka vert sendt vidare til Vik kommunestyre for endeleg avgjerd.

Samrøystes.

062/25: Innbyggjarundersøking om cruiseturisme i Vik**Kommunedirektøren si tilråding**

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune inngår avtale med Vestlandsforskning om moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Vik.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signera avtalen.

Prosjektet vert finansiert frå Vik hamn disposisjonsfondet.

04.09.2025 Formannskapet

Kommunalsjef Espen Holen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 062/25 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune inngår avtale med Vestlandsforskning om moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Vik.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signera avtalen.

Prosjektet vert finansiert frå Vik hamn disposisjonsfondet.

Samrøystes.



063/25: Open post i formannskapet

Kommunedirektøren si tilråding

Saka blir lagt fram utan tilråding.

04.09.2025 Formannskapet

Spørsmål frå Marta Sofie Vange (H):

Etterspør rutinar for å handsama varsel i Vik kommune. Kommunedirektøren svarte ut at det skal opp som sak i AMU til hausten.

FS - 063/25 Vedtak:

Orienteringa vart teke til vitande.

Samrøystes.

